

Unneland Grendalag  
v/Frode B. Larsen

Dato: 13.05.2014  
Vår ref.: 2014/12424-63  
Saksbehandlar: ellsynn  
Dykkar ref.:

## **Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv 2014 – Dans på Unneland – fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv**

Vi viser til søknaden dykkar i tilskotsordninga Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv, sendt 22.01.14. Vi må diverre melde avslag på søknaden.

### **Vurderingsgrunnlag**

Hordaland fylkeskommune fekk i 2014 kr 900 000,- til fordeling frå Helsedirektoratet. Det kom inn 37 søknadar innan fristen. Fordelinga er samordna med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Vurdert i høve øyremerking av midlar, andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi dessverre ikkje kan medfinansiere prosjektet.

Dans på Unneland – fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv vert ikkje prioritert ved dette høvet på bakgrunn av at prosjektet ikkje rettar seg spesielt mot den prioriterte målgruppa barn og unge.

### **Klage/innsyn i dokumenta**

Behandling av søknadar i tilskotsordninga vert ikkje sett på som enkeltvedtak, og i fylgje Forvaltningslova § 2, første ledd bokstav a og b, er det ikkje klagerett.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### **Kontaktperson**

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for tilskotsordninga er Ellen Strøm Synnevåg, tlf 55378017, e-post [Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no](mailto:Ellen.Strom.Synnevag@hfk.no).

Ved spørsmål etter 15.07.14, ta kontakt med Anne Mette Nesje Porten, epost: [Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no](mailto:Anne.Mette.Nesje.Porten@hfk.no).

Vi ynskjer dykk lykke til vidare!

Med helsing

Bård Sandal  
Regionaldirektør

Ellen Strøm Synnevåg  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*